

Årsmøte i Møre og Romsdal Folkemusikklag 03.03.2012

Stad: Reknesstabburet, Romsdalsmuseet i Molde.

Til stades:

Styret i Møre og Romsdal Folkemusikklag:

Daniel Dyrnes, leiar,
Anne Karin Heggem, nestleiar,
Øyvind Remme, kasserar,
Guttorm Roaldsnes Ulvund, skrivar
Britt Elise Skram, 1.vara

Meldt forfall:

Olav Wangensteen, styremedlem, og Bernd Hansen, 2.vara.

Palmer Løkseth, valnemnda
Jan Flatholm og Ove Rødal, revisorar

Utsendingar :

Dagfinn Nupen, Redaktør i Folkemusikkbladet.
Hanne Moldver Salthammer, Spelemannslaget Dâm og Drag
Leikny Aasen, , Spelemannslaget i UL Ivar Aasen
Anna Liv S.Gjendem, Spelemannslaget Dâm og Drag
Bodil Tessem, Grendalaget
Arnold Farstad, Romsdal Spelemannslag

Gjestar:

Mari Skeie Ljones, styremedlem FolkOrg
Jorun Marie Kvernberg, Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal
Øvind Espe, gjest

Totalt frammøtte 17 personar

Årsmøte vart innleia med eit musikalsk innslag av gruppa « I fyr og flamme», frå Romsdal Spelemannslag.

Leiar i Folkemusikklaget, Daniel Dyrnes, ynskte deretter gjestar og utsendingar frå laga velkomne til årsmøte. Det var møtt opp 12 personar med stemmerett.

Deretter gjekk ordet til:

Jorun Marie Kvernberg, frå Folkemusikkarkivet i Møre og Romsdal, som orienterte om deler av arbeidet i Folkemusikkarkivet. Her får vi vite at dei tidlegare utgåvene av Folkemusikkbladet etter kvart vert digitalisert og lagt ut på nett. Folkemusikkarkivet arbeider og med eiga heimeside, men nytt frå arkivet vil og bli å lese i Folkemusikkbladet. Jorun Marie ber om at arkivet vert brukt meir når det gjeld spørsmål omkring musikk og oppmodar laga om å gjere opptak og sende inn. Utgifter til dette arbeidet kan ein få dekt ved å søkje Folkemusikkarkivet om støtte.

Tlf: 70075092 / 91318235 eller epost: folkemusikk@hivolda.no -

<http://www.hivolda.no/folkemusikk>.

Sakliste:

Valg av møteleiar: Daniel Dyrnes vart valt til møteleiar.

Leikny Aasen og Hanne Moldver Salthammer vart valt til å skrive under protokollen.

1. Opning, godkjenning av innkalling. Innkalling godkjent.

2. Årsmelding. Med endringane som årsmøte påpeika, vart årsmeldinga godkjent. Endringane er tekne med i årsmeldinga som er vedlagt årsmøtereferatet.

3. Rekneskap. Kasserar Øyvind Remme og revisor Jan Flatholm gjekk igjennom rekneskapen som etter justeringar der og då vart godkjent av årsmøtet.
Budsjett: Det budsjettet som vart sett opp for driftsåret 2011 vert og gjeldande for 2012.

4 .Medlemskontingent.

ikkje endring i satsane som er:

Vaksne kr 60,00 (fylket) kr 220,00 (Folk Org)
Born kr 15,00 (fylket) kr 100,00 (FolkOrg)
Lagskontingent kr 600,00(fylket) - (Ingen kontingent til FolkOrg)

5. Arbeidsprogram.

Daniel Dyrnes leste opp arbeidsprogrammet som vart vedteke med desse endringane:
TV- reklame på ferge og lignende,- strykast.
Det nye styret oppmodast om å velge ei kursnemnd.
Syte for registrering i Brønnøysundregisteret.
Registrere MRFL i Gule Sider, med informasjon om laget.
Endringane som her er skrive, vert og redigert inn i arbeidsprogrammet.

6. Oppretting av heimeside for MRFL

Daniel Dyrnes las opp eit arbeidsdokument omkring oppretting av heimeside. Etter ein kort og konstruktiv debatt der årsmøte var positive i haldninga til ei heimeside, gjekk ei til val av ansvarleg redaktør for heimesida.

Styret fekk i oppgåve å velje redaktør for heimesida.
FolkOrg sin utsending tilbydde og hjelp i ein oppstartfase.

7. Folkemusikkbladet.

Det avtroppande styret vil oppmode det nye styret om å støtte opp om Folkemusikkbladet. Alle laga må og gjere dette, sjølv om ei heimeside skulle kome. Det trengst meir midlar til drifta og årsmøte vert bede om å vedta ei auke i annonsepengar frå laga til kr. 1000,- pr utgåve av bladet.
Styret/bladstyrar (kasserar)blei oppmoda om å drive inn pengane.
(Det står i vedtektene at Folkemusikkbladet skal gjevast ut to gonger/år. Det må derfor vedtektsendring til om dette skal endrast.)
Forslaget vart einstemmig vedteke.

8. Det nye styret skal velje representant til møta i FolkOrg i Oslo 21.04.2012

9. Val:

Palmer Løkseth orienterte frå valkomiteen sitt arbeid.

Dei som stend på valg i år er:

Leiar : Daniel Dyrnes : på val

Nestleiar: Anne Karin Heggem : på val

Styremedlem: Guttorm Roaldsnes Ulvund, på val – tek attval.

Styremedlem: Olav Wangensteen , ikkje på val.

Styremedlem: Øyvind Remme, ikkje på val.

Vara: Britt Elise Skram, på val

Vara: Bernt Hansen, på val.

Val av leiar. Der var ikkje kandidatar frå valnemnda

Frå årsmøte vart det fremma forslag om Leikny Aasen, frå UL Ivar Aasen som leiar.

Resultat av valet for 2012:

Leiar: Leikny Aasen , Spelemannslaget i UL Ivar Aasen, Ålesund (ny)

Styremedlem : Kirsti Mc Kinnon, Nordmøre Spel og Dansarlag, Tingvoll (ny)

Styremedlem: Guttorm Roaldsnes Ulvund, Romsdal Spelemannslag, Molde (attval)

Styremedlem: Øyvind Remme, Spelemannslaget i UL Ivar Aasen, Ålesund (ikkje på val)

Styremedlem: Olav Wangensteen , Spelemannslaget i UL Ivar Aasen, Ålesund (ikkje på val)

Vara:

1. Grete Bjerkem, Nordmøre Spel og Dansarlag, Kristiansund (ny)

2. Hilde Bergfall, Nordmøre Spel og Dansarlag, Tingvoll (ny)

Valnemnd: Anna Liv S. Gjendem , Arnold Farstad og Daniel Dyrnes.

Redaktør for Folkemusikkbladet: Dagfinn Nupen

Repr. Folkemusikkarkivet : Hans Lefdal

Møte heva

Skrivar: Guttorm Roaldsnes Ulvund

Underskrift protokoll:

Dato: 24/3 - 2012


Leikny Aasen


Hanne Moldver Salthammer